

– Ein forferdeleg og uforståeleg tragedie!

23.07.2011



Berre eit fåtal har flagga på halv stong i Uskedalen, som her ved Hagetunet (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag blir det flagga på halv stang på alle offentlege bygningar landet rundt. Men i tillegg til Kvinnherad rådhus og kulturhuset på Husnes, er det også mange private som heiser flagget rundt om i kommunen for å visa medkjensle med dei som er råka.

– Det er ein forferdeleg og uforståeleg tragedie, seier rådmann Trond Sætereng, som sit klar dersom nokon vil ha kontakt med kommunen etter dei alvorlege hendingane.

Han er tilgjengeleg på telefon viss nokon har behov for å koma i kontakt med kommunen.

– Vi kjenner ingen i Kvinnherad som er direkte berørte av denne tragedien, seier Sætereng til *HusnesNett*. Rådmannen har også snakka med ein del folk i Arbeidarpartiet her lokalt i dag, men ingen kjenner nokon som har blitt råka.

Kommunen sitt krisepsykiatriske team, med lege og anna helsepersonell, samt prest og politi, er i beredskap, men dei er ikkje etablerte, opplyser rådmannen.

– Greier du å setja ord på det som har skjedd?

– Nesten ikkje, og det trur eg ikkje så mange andre heller kan i dag. Det er berre forferdeleg og heilt uforståelegalt saman.

Både ved rådhuset i Rosendal og ved kulturhuset på Husnes blir det flagga på halv stang i dag, i tråd med statsminister Jens Stoltenberg si oppmading.

Dagleg leiar i kulturhuset, Terje Fonneland, har òg problem med å finna ord for det som skjedde i Oslo og på Utøya fredag ettermiddag. Men han sluttar seg til det rådmannen har sagt, om at det er ein forferdeleg og uforståeleg tragedie.

– Eg har nesten venta på at noko slikt ein gong ville skje her i landet òg.
Hendinga i går viser kor farlege slike høgreekstremistar kan vera, seier Fonneland

Av Kristian Hus

HusnesNett